

**Fylkesstyret:**

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar		95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar		48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem		90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem		41518991	hfrac@broadpark.no
Audun Skjervøy, 6210 Valldal	Styremedlem		99579175	audun@storstova.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	1. vara		99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal	Fylkesleiar BKL	FORFALL	95856643	solveig@linge.bz
Kari Haugen, Hovdal, 7620 Skogn	Fylkesleiar BU	Ikkje møtt	97171623	haugenkari@live.no
<b>Til orientering:</b>				
Janne Mork, 6530 Averøy	2. vara		90030329	janne.mork@svorka.net
Petter Melchior, 6214 Norddal	3. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
<b>Sekretariatet:</b>		<b>Tlf. arbeid</b>		
Gunnar K. Wentzel – møtte	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien – møtte	org.-konsulent	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag fredag 5. november 2010 kl 10.30 på møterommet Felleskjøpet i Molde Held fram med EU-konferansen kl 15.30 på Seilet

**1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend.

**2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 5.-6. oktober 2010**

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 5.-6. oktober 2010 godkjend.

**SAK 53.2/2010: Årsmøterunden i lokallaga – oppsummering så langt**

**Vedlegg:** Liste over datoar i lokallaga pr. 1. nov

Noko av det som kom fram i årsmøta:

Haram og Averøy positive møter med god stemning.

Vestnes, Gjemnes, Aure og Tustna Alle med god aktivitet i laget og 25-30 deltakarar. Aure ønskjer no å sjå meir på mindre utbyggingar og alternative rimelegare byggjemåtar. Skatt og fondsavsetnad til bygging. Avløysartilskot.

Stranda: Vidareføring av Vestlandsamarbeidet positivt.

Volda: Arealplanar. Jordbruksforhandlingane bør ha meir fokus på å samanlikne vårt krav med resultat, og ikkje skryte av resultatet. Positivt med utvide samarbeidet i Vest med andre småskala strukturregionar som Agder og Telemark.

Ørskog: Positivt. Gossen: Mykje nedlegging. Jordvern og politiske tiltak. Kostnader med forvaltning av tilskota. Neste stortingsval.

**Vedtak:** Styret er glad for mange gode årsmøte med trivelige ramme. Styret vil framfor sommaren vurdere om vi skal sette opp plan for årsmøte i alle laga eller dei som kvart år har seint eller ikkje årsmøte.

**Bondelagets Servicekontor AS**

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 907 29 582	<b>E-postadresse:</b> More.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b>	3980.07.11308	<b>Internet:</b>
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

## **SAK 56/2010: Bør forvaltning av Bygdeutviklingsmidlane hos Innovasjon Norge bli flytta og i så fall til kven – Frist til NB 20. nov**

**Vedtak:** Møre og Romsdal Bondelag ser det som mest rasjonelt for næringa og samfunnet at BU-midlane framleis blir forvalta av Innovasjon Norge som har landbruksøkonomisk kompetanse og bankfunksjon, og som kan sjå landbruksnæringa i samanheng med anna regionalt næringsliv. Søknadene om finansiering av midlar frå jordbruksavtala skal vurderast landbruksfagleg, næringspolitisk og bankmessig.

**Vurdering:** Framover ser Norges Bondelag for seg at BU-midlane finansielt kan kome frå eit Landbrukets Utviklingsfond på t.d. 15 mrd kr.

Møre og Romsdal Bondelag har uttalt at rentestøttemidlane kunne bli utbetalt frå ein sentral pott med sikte på betre samsvar mellom løyving til tilskot og rentestøtte i fylket. Dette for å hindre at ein av faktorane er ein flaskehals og sjølv om sakshandsaminga skjer regionalt.

Sjølv bank- eller kassefunksjonen kan bli flytta til SLF liksom for produksjonstillegg.

Fylkeskommunen har fått styrka funksjon som regional utviklingsaktør, men har ikkje mange fagfolk på landbruk. Det har fylkesmannen, men de har ikkje bankfunksjonar, og er kontroll- og tilsynsorgan. Men eit organ må foreta den landbruksfaglege og økonomiske vurderinga av lønsemd i søknadene. Det kan skje ved å flytte landbruksfagfolka frå IN over til fylkeskommunen. På sikt kan naturlegvis også IN få mindre landbruksfagfolk i regionane.

Det ville bety at tildelingsbrev frå LMD går til fylkeskommunen, ikkje til FMLA som i dag. Vidare at strategi for bruk av BU-midlane blir drøfta mellom faglaga og fylkeskommunen og ikkje med FMLA som i dag.

Men det er lite rasjonelt at både fylkeskommunen og fylkesmann skal ha fagavdeling på landbruk sjølv om dette vil gi eit skilje mellom utviklingsarbeid og kontroll.

Dersom BU-midlane blir hos IN gir det mulegheit for samordning og kompetanseutvikling mellom næringar regionalt på innovasjon, næringsutvikling, matproduksjon og –foredling, reiseliv, internasjonalisering, og økonomistyring. Dette sjølv om samordningseffekten av dagens ordning kan ha vore avgrensa.

Tidlegare hadde næringsstyret i fylkeskommunen utvida med representantar for faglaga vedtaktsmynde for BU-midlane under SND. Landbruksbanken hadde landsdelskontor og var fagorgan og kasse.

BU-midlane utgjer 40% av dei regionale midla i IN. Evalueringsrapporten meiner dei gir for lite innovasjon. For oss er det vanskeleg å sjå at t.d. dagens robotfjøs med datastyrt overvaking, automatisk fôrutlegger og utgjødsling, moderne fôrhaustingsutstyr, osv er så mykje mindre innovativt enn ein robot i ein møbelfabrikk eller eit nytt fiskefartøy.

## **SAK 57/2010: Utegangarsau - produksjonstillegg og driftsmåtar**

Vedlegg: Produksjonstillegg for sau.

Styret drøfta omlegging av ein større del av produksjonstillegg for sau og lam over på kvalitetstillegg.

**Vedtak:** Styret viser til sine førebelse framlegg til justering av produksjonstilskot for sau og lam i forslag til uttale for Jordbruksforhandlingane 2011.

Styret vil spesielt utfordre lokallaga på deira vurdering og høyre kva Sau- og geitlagslaget meiner om desse produksjonstillegga. Styret meiner prinsipielt at det skal vere ein føresetnad for produksjonstillegg at det blir levert produkt. Styret dette er ei utfordring for alle saueraser som får tillegg for vinterfôra sau utan at det er særleg leveranse av kjøt.

## **SAK 58/2010: Førebels uttale til jordbruksforhandlingane 2011 frå M&R Bondelag**

**Vedlegg:** Utkast pr. 19. okt 2010 (tidlegare sendt styret til merknad på e-post)

Notat frå Norges Bondelag til stortingsmeldinga

Styret gikk gjennom eigne merknader ut frå det som er kome fram sidan førre møte.

**Vedtak:** Styret sender sin førebelse framlegg til uttale til jordbruksforhandlingane 2011 til lokallaga no slik at dei kan kome med merknader til fylkeslaget sine synspunkt om dei ønskjer det.

## **SAK 59/2010 Referatsaker**

### **1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

**Vedlegg:** Medlemstal lokallaga pr.1. nov 2010

Medlemstal 01/01-10: 3.424 **Medlemstal pr 1. nov. 2010: 3.397**

**Nyinnmelde i 2010: 111 Utmelde: 138** (av desse 13 døde og 33 stopp ubetalt)

## Oppsummering medlemsvervingsaksjon så langt:

**Vedlegg:** Liste over nyinnmeldte pr. 1. nov – så langt 20 nye medlemmer

## 2 Nytt frå lokallaga

**Ålvundeid og Ålvundfjord Bondelag** gikk 1. nov saman til Ålvund BL. Gunnar Wentzel tilstade.

**Aure og Tustna** Bondelag arrangerte måndag 18. oktober saman med Landbrukets HMS-tjeneste førstehjelpskurs for sine medlemmer. Kurset støtta økonomisk av Gjensidige Nordmøre og Romsdal. Innholdet i kurset var kobla opp mot hendingar og farar som er relevant for landbruket. Styremedlem i lokallaget, Einar Vaag (bonde og ambulansesjåfør) var ein av kurshaldarane

**Heimeside 20.10.2010: Klar for ny sesong med Kløverstukveldar:** Surnadal Bondelag inviterer til ny sesong med Kløverstukveldar. Opplegget har blitt noko av ein institusjon som har halde det gåande sidan 1974. - Det er godt gjort at eit fagleg opplegg som dette har halde seg i så lang tid, seier leiar i Surnadal Bondelag, Oddvar Mikelsen, i eit intervju med avisa DRIVA.

## 3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar:

### Leirkonferansen i Norges Bondelag 3.-4. nov om:

Innspel til Landbruksmeldinga. Internasjonale saker. Fornyingsutvalet.

### Møre og Romsdal Bondelag på Facebook

Møre og Romsdal Bondelag har side på Facebook der det legges ut nyheter, bilder, og der det er rom for diskusjoner og innspill til fylkesbondelaget:

<http://www.facebook.com/pages/More-og-Romsdal-Bondelag/143302989045442>

### Heimeside 03.11.2010: Stor interesse for investeringsmidlar – framleis for små rammer

Det er framleis så stor interesse for investeringsmidlar i Møre og Romsdal at over tjue saker allereie står på venteliste til neste år etter at midlane er brukt opp. I 2010 vart det løyvd tilskot og rentestøtte til 24 investerings saker. Av desse hadde 9 saker kostnadsoverslag over 5 mill kroner.

### Heimeside 20.10.2010: Rovviltnemnda lytta til Bondelagets krav

- Det er meget gledeleg at ei samrøystes rovviltnemnd i region 6 på sitt møte tysdag no foreslår jervefritt beiteområde i Trollheimen. Møre og Romsdal Bondelag kravde alt da første forvaltningsplan etter det nye rovdyrregimet vart vedteke for åtte år sidan at Trollheimen skulle vere prioritert som beite- og kulturlandskapsområde og fri for ynglande jerv, seier organisasjonssjef Gunnar Wentzel.

### Heimeside 11.10.2010: Anne Katrine Jensen attvalt til styret i Innovasjon Norge

Anne Katrine Jensen (biletet), bonde på Osmarka i Gjemnes og styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag, er attvalt som medlem i det regionale styret for Innovasjon Norge i Møre og Romsdal.

### Heimeside 12.10.2010: Vil gi ungdom skattesparing for å bli gårdbruker

Ungdom som vil kjøpe seg gårdsbruk, bør få skattefradrag for et sparebeløp på minst 50.000 kroner i året, mener Sp-politiker Jenny Klinge. Rekrutteringen til landbruket bekymrer både Bondelaget og politikerne, og var tema mandag da ledelsen i Møre og Romsdal Bondelag møtte stortingspolitiker Jenny Klinge.

### Heimeside 13.10.2010: Landbruket flyttar seg nordover

Per Gunnar og Martinus Hjørungdal satsar friskt i ei tid då landbruksproduksjonen bevegar seg frå sør til nord i fylket, sa leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, då han og dei andre styremedlemmene hadde synfaring i Hjørungavåg tysdag (VIKEBLADET VESTPOSTEN)

### Heimeside 13.10.2010: Bør lokale sjølvstyre fråtakast jordvernsaker

Enn så lenge framstiller Møre og Romsdal Bondelag det som eit spørsmål og ikkje som eit krav: Er tida overmoden for at kommunepolitikarar og det lokale sjølvstyre bør fråtakast ansvar for saker som har med jordvern og arealbruk å gjere? Leiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik, er klar på at vi treng ei bevisstgjerjing i kommunane i saker som har med vern av matjord å gjere (AVISA MØRE)

## 4. Saker frå Bygdekvinnelaget

## 5. Saker frå Bygdeungdomslaget

## 6. Referat skriv og meldingar

**Rauma Bondelag** skriv til Norges Bondelag om prioritering, kommunikasjon og merkevarebygging. Rauma inviterer styret i Norges Bondelag til å kome til kommunen og få inspirasjon av Rauma sitt arbeid med merkevarebygging.

## 7. Referat frå møter og arrangement

### **28.-29. September: Møte om Konseptvalutredning E39 - Ålesund-Bergsøya, Atle Frantzen**

Verkstad for konseptvalutredning (KVU) for E39 Ålesund-Bergsøya halde på Seilet Hotell, Molde. KVU er ei utgreiing i tidleg fase for store prosjekt (over 500 mill. kr) der ein analyserer transportbehov og andre samfunnsbehov som grunnlag for å prioritera ulike vegalternativ. Det var ca 40 deltakarar frå kommunar, forvaltning og næringsliv. Det pågår tilsvarende utredningar for heile kyststrekninga mellom Stavanger og Trondheim. Statens Vegvesen har ansvar for arbeidet, og det skal vera ferdig rapport/utgreiing i mars neste år. Vidare blir det ordinær politisk behandling.

Konklusjonen frå arbeidet var i grove trekk at det er eit klart ønskje om å få til ei sterkare satsing på regionen Sunnmøre/Ålesund – Molde/Romsdal – Kristiansund/Nordmøre gjennom raskare/ferjefritt samband langs ein hovudveg så raskt som muleg. Det var felles ønskje om:

- flytting av trafikken over Ørskogfjellet til ein ny trase frå Skodje til Tomrefjord
- kryssing av Romsdalsfjorden frå Furland/Øverås til Otrøya med tunnel
- bru Otrøya – Julsundet
- delvis omlegging av veggen gjennom Gjemnes/Batnfjorden
- samt mange mindre endringar/justeringar langs eksisterande trase

Alle hadde ønskje om ny veg gjennom "sin" kommune/sitt distrikt. Hensynet til jordvern osv vart absolutt trekt fram og det var klare ønskje om tilpasningar, m.v., men på same tid ser dei fleste på ny veg som ein mulighet for nye arbeidsplassar og ny arbeidsmarknadsregion.

### **11. okt: Skuletime med stortingsrepr. Jenny Klinge (Sp)**

Rekruttering tema for "skuletime" med stortingsrepr. Jenny Klinge

Senterpartiets stortingsrepresentant i Møre og Romsdal, Jenny Klinge frå Surnadal, besøkte fylkesbondelaget måndag 11. oktober. I samtaler med fylkesleiar og organisasjonssjef, og på gardsbesøk hjå Trond Malmedal i Fræna, fekk ho med seg innspel om aktuelle næringspolitiske saker som ho arbeider med på Stortinget og i statsbudsjettet for neste år.

Besøket starta på Bondelagskontoret på Felleskjøp-bygget i Fannestrandveien i Molde med gjennomgang, orientering og samtale om aktuelle næringspolitiske saker. Dette vart ein nyttig "skuletime" for ein spørrelysten og engasjert stortingsrepresentant, der fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel gjekk gjennom saker som Bondelaget er oppteken av.

- Regjeringa burde våge å satse på ei skikkeleg rekrutteringspakke med investeringsmidlar, fagutdanning, skatte- og avgiftstiltak. Dette vart ei hovudsak i oppslaget med den unge stortingsrepresentanten i Romsdals Budstikke. - Den norske landbruksmodellen er ein viktig del av den norske samfunnsmodellen. Den oppfyller mange samfunns mål for ein utruleg rimeleg penge, meinte Bondelaget i gjennomgangen av jordbruksavtala, distriktstiltak og tollvernet.

Stortingsbesøket vart avslutta med synfaring og gardsbesøk hos Trond Malmedal i Fræna. Trond og hans familie er eit godt døme på valet ein står overfor om å utvide eller ikkje i eit bra bås fjøs. Trond valde å utvide produksjonen og bygge saman med påbygd lausdriftsfjøs og mjølkerobot.

### **12. okt : Kulturlandskapsgruppa. Inge Martin Karlsvik.**

**14. okt: Rovviltmøte ope arrangert av Sunndal kommune** med 2 stortingsrepresentantar og 2 ordførarar, Torill Melheim Strand, forvaltninga og mange sauebønder. Rovviltnemnda har i etterkant innstilt på at Trollheimen vert teke ut av yngleområdet for jerv slik vi har vore aleine om å arbeide for sidan yngleområde vart oppretta for 8 år sidan. Gunnar Wentzel.

### **14.-15. okt Møre og Romsdal Fiskarlag årsmøte Ålesund. Birgit Kjerstad møtt.**

Kamp om areala (olje og vindkraft), kvotereguleringar, ueinigheit med havforskningsinstituttet om kysttorsk og kva som gjer at rekrutteringa av den sviktar, strukturendringar. Målet med samanslåing av kvotar er auka lønsemd for å konkurrere med mannskap i skipsfart der reiarane har nettolønsordning.

**25.-27. Okt: Skattekurs samarbeidande rekneskapskontor, Alexandra, Molde, 109 deltakarar. Elling Bjerke og Jan Bangen frå Norges Bondelag. Anne Turid Myrbostad**  
**Heimeside 27.10.2010: 110 rekneskapsførarar samla til tema- og skattekurs**

Vel 110 tilsette ved rekneskapskontor som har samarbeid med Norges Bondelag var denne veka samla på Hotell Alexandra i Molde til det årlege tema- og skattekurset. Programmet gir dei tilsette mykje nyttig og viktig oppdatering på sentrale skatterettslege og rekneskapsfaglege områder.

Samlinga starta måndag 25. oktober med temadag med 60 deltakarar om Merverdiavgift (MVA) – mulegheiter og fallgruver, der advokat Terje Bakke, Ernst & Young, var forelesar. Temakurset er eit samarbeid mellom Norges Bondelag og Økonomiforbundet.

Reglane for handsaming av merverdiavgift er stadig under endring, og praktiseringa av regelverket er i mange tilfeller svært komplisert og tidkrevjande. Feil kan medføre store økonomiske konsekvensar for klient.

Målet med dette kurset var å sette deltakarane i betre stand til å gjennomføre avgiftsbehandlinga på ei korrekt måte, og samtidig bidra til ei betre planlegging med tanke på gunstige løysningar for seg sjølv eller sine kundar.

#### Skattekurs

Tysdag 26. og onsdag 27. oktober vart det halde skattekurs med 110 deltakarar. Dette årlege kurset for samarbeidande rekneskapskontor vart arrangert i sin heilheit av Norges Bondelag. Tilsette i eller innehavarar av rekneskapskontor som har samarbeid med Norges Bondelag har rett til å delta på kurset. Skattekurset har som målsetting å gje ein brei gjennomgang av relevante skatte- og avgiftsfaglege nyheiter slik at rekneskapsførarar er fagleg oppdatert til det komande årsoppgjeret.

Forelesarar var advokat Jan Bangen og rådgjevar Elling Bjerke, som begge er tilsett ved Avdeling for regnskap og juridisk service (RJS) i Norges Bondelag.

Hovudtema for skattekurset var skatte- og avgiftsopplegget for 2010, ofte stilte spørsmål og andre aktuelle saker, endringar i bokføringslova, vedlikehaldsavgrepet, alderspensjon – pensjonsreforma, beskatning av bolig – skatte- og avgiftsreglar inklusive bruk i eigars ervervsverksemd, aktuelle dommar og uttaler, førehandsuttaler mv, og statsbudsjettet 2011.

#### Innovasjon Norge og Skattekontorets time

I tillegg orienterte Sivert Gravem om Innovasjon Norge og verkemidlar i landbrukssektoren. Svanhild Kvammen frå Skatt Midt-Norge kom også i år i ”Skattekontorets time” med aktuell informasjon.

**26.-27. Okt: FMLA Landbrukskonferansen for adm i Geiranger.** Erlie, Frantzen.

**28. oktober: Fellekjøpet Nordmøre og Romsdal halvårsmøte** strategiplan. Anne Katrine Jensen.

**29. okt: Samrådsmøte med FMLA.** Fylkeskommunen uttale jordbruksforhandlingane innspel før 1. desember. Opp i Nærings- og miljøutvalet 14.12. og Fylkesutvalet 24. Jan. Stort engasjement i fjor. Reglar for BUMidlar 2011. 23 investeringssaker må vente på finansiering til neste år. Vil truleg bruke opp også rest rentestøtte for i år. Var 9 investeringssaker over 5 mill kr i 2010, no mest einskildbruk med leige av kvote. Inn på tunet prosjektleiar i 80% stilling. Næringa invitert inn i styringsgruppe. Kurs for bønder som byggherre fire heildagssamlingar frå 2011. Areal etter nye gardskart kan gå i marka med bonden der det er uklårt om utmålinga er rett. Må ha leigeavtale vegkant for å telle med for går etter eigedomsgrense. Undersøkinga store utbyggingsbruk Vestlandet vil ta med eit rekneskapsår til. Viser at bruka tente det same som før (!), 40% større produksjon enn plan, angrar ikkje, betre arbeidsdag og framtid. Skog: Strategiplanen blir no rullert. Juletreproduksjon spørsmål om etablerertilskot ved minst 40 dekar, kostnad kr 30.000/dekar.

**30. okt: Temadag Eigarskifte,** Stranda. Ole Rødstøl. 42 deltakarar. Arild Erlie.

**3.-4. Nov: Leiarkonferanse i Norges Bondelag,** Oslo, Inge Martin Karlsvik, Gunnar Wentzel

#### 8) Arbeids- og møteplan 2010

(Dato ajourført: 16.12.2010)

**Samarbeid om regionmøte med Landkreditt** som gjerne vil kombinere sitt valmøte truleg på skaret 24. Jan kl 20.00 med oss som medarrangør. Temaforslag: Pensjon.

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
12.-13. nov	Leiarmøte M&R Bondelag	Molde Alex	Styra i lokallaga, fylkeslaget
7.-8. des	Fylkesstyremøte 2 heile dagar	Skaret	Styret og kontoret + talspersonar
Januar	Samling for nye unge medlemmer under 35 år		
11. mars 2011	Landbrukskonferansen BL, LNordvest,FMLA	Molde Alex	Landbruksinteresserte
11.-12. Mars 2011	Årsmøte M&R Bondelag	Molde Alex	Årsmøteutsendingar og gjestar
8.-9. Jun 2011	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar

Audun ikkje måndagar

#### Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:

**5.-6. Nov: EU-konferanse, Molde.** Karlsvik, Kjerstad (fre), Jensen, Frafjord (fre), Skjervøy, Rekkedal, Wentzel, Erlie, Myrbostad,

**25. nov. Norske Fellekjøp kurs om korn- og kraftforpolitikken** på Fellekjøpet i Molde. Kornpolitisk talsperson Hans Frafjord, evt Inge Martin, og Gunnar Wentzel.

**6. nov: Temadag Eigarskifte**, Surnadal. Ole Rødstøl. Atle Frantzen.

Saker til neste styremøte:

**Utløysing av krav om lausdrift ved utviding av kubåsplassar**

Lasse Krogset teke opp at Mattilsynet endrer godkjenning når det gjeld skiljet mellom oppgradering og utviding i f t nybygg og krav om lausdrift. Ikkje godkjend ombygging av plansilo til husdyrrom ope til gjødselekjellar. Utviding med meir enn to kubåsplassar blir sett på som omfattande og krav om lausdrift.

**Møtet heva kl 15.15**

Referentar Gunnar K Wentzel og Arild Erlie